



Saksbehandlar: Susan Husabø, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 18/1714-16

Justering av opplæringstilbudet for skuleåret 2018-2019

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Opplæringstilbudet for skuleåret 2018-2019, vedteke i HO-sak 34/17, vert endra slik:

Det utlyste tilbudet ved Dale vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 1 teknikk og industriell produksjon vert auka frå 1 til 2 grupper
Vidaregåande trinn 2 industriteknologi vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbudet ved Flora vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 2 elenergi vert auka frå 1 til 2 grupper

Det utlyste tilbudet ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 1 helse og oppvekst vert auka frå 3 til 4 grupper

Det utlyste tilbudet ved Måløy vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 1 naturbruk vert auka frå 1 til 1,5 grupper
Vidaregåande trinn 2 plast og kompositt vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbudet ved Sogndal vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 2 kokk- og servitør vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbudet ved Stryn vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 1 studiespesialisering vert redusert frå 2 til 1 gruppe
Vidaregåande trinn 1 service og samferdsel vert auka frå 1 til 2 grupper
Vidaregåande trinn 1 helse og oppvekst vert auka frå 1 til 2 grupper
Vidaregåande trinn 2 helsearbeidar vert redusert frå 2 til 1 gruppe
Vidaregåande trinn 2 byggteknikk vert redusert frå 2 til 1 gruppe

Det utlyste tilbudet ved Årdal vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 2 kjemiprosess vert ikkje sett i gang

2. Tilboda som ikkje er tilrådd å sette i gang for skuleåret 2018-2019 skal vurderast i sak om opplæringstilbudet for skuleåret 2019-2020. Dette er under føresetnad av at fellesnemnda for samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane gjer vedtak om separate budsjett og opplæringstilbod i dei to fylkeskommunane.
3. Det vert sett av ressursar tilsvarande 1 grupperessurs til å opprette ei ekstra gruppe, eller til å finne løysingar for auka plasstal i samband med inntaket. Fylkesrådmannen får mynde til å disponere ressursen.

Vedlegg:

Vedlegg 1	Innspel frå skulane
Vedlegg 2	Innspel frå opplæringskontora
Vedlegg 3	Saksframstilling og møtebok frå Fagopplæringsnemnda 14.03.18 (sak 3/18)
Vedlegg 4	1.prøveinntak 6.3.2018

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Sak 34/17 Opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019 til hovudutval for opplæring, handsama i hovudutvalsmøte 21.11.17

SAKSFRAMSTILLING

1. SAMANDRAG

Hovudutval for opplæring handsama i møte 21.11.17 sak 34/17, Opplæringstilbodet for skuleåret 2018- 2019. På bakgrunn av søkartala og sju prøveinntak gjer fylkesdirektøren for opplæring framlegg om å justere opplæringstilbodet slik det går fram av tilrådinga.

Elevane sine rettar, tilbodsstrukturen og vedtak om minimum søkartal, slik dette blei vedteke av fylkestinget i saka om skulebruksplanen(FT-sak 26/13), legg premissane for arbeidet med saka.

Det var 38 fleire søkarar til vidaregåande skule i år, samanlikna med i fjor. Talet avgangselevar frå ungdomsskulane er lågare våren 2018, enn det var våren 2017. Elevar i «Grunnskule for minoritetsspråkleg ungdom» (GMU) har kompensert for nedgangen i ungdomsskuleelevar, og om lag 50 av 100 har søkt vidaregåande skule kommande år.

Det er 35 fleire søkarar til vg1 i år enn i fjor, og 55% av søkarane har søkt til yrkesfagelege utdanningsprogram. Det er tre tilbod som har søking under den vedtekne minimumsgrensa sett av fylkestinget, og fylkesdirektøren rår til at desse ikkje vert sette i gang. I tillegg blir kapasiteten ved to tilbod føreslått redusert frå 2 til 1 gruppe av same grunn.

I fylkesdirektøren sitt framlegg ligg 219 grupper fordelt på skulane, ei gruppe blir foreslått til disposisjon i samband med inntaka.

2. BAKGRUNN, PROSESS OG FØRESETNADER

I møte 21.11.17 gjorde hovudutval for opplæring vedtak om kva opplæringstilbod som skulle lysast ut med søknadsfristar 1. februar og 1. mars. I saka gjorde fylkesdirektøren greie for at tal avgangselevar synte ein nedgang på 52 frå året før, men at tal elevar frå GMU truleg langt på veg ville vege opp for nedgangen frå ungdomsskulane.

I saka om opplæringstilbodet i haust skreiv fylkesdirektøren også:

Ei stor utfordring i Sogn og Fjordane er elevtalet, det blir ikkje fleire søkarar av å auke tilboda. Søkarane frå GMU og elevar som får igjen ungdomsretten sin som konsekvens av lovendringa omtala i punkt 2.3, vil bidra til å oppretthalde nivået på opplæringstilbodet. I beste fall vil elevtalet auke, men førebels er det ikkje mogeleg å sjå konsekvensane.

I arbeidsdokument 3/17 og 4/17 frå fylkesrådmannen til finansutvalet slutta finansutvalet seg til å auke tal grupper i opplæringstilbodet permanent til 220 grupper. Dei økonomiske konsekvensane av dette er innarbeidde i ramma til opplæringssektoren.

Med grunnlag i dette vedtaket vart opplæringstilbodet for 2018-19 lyst ut i januar, med 220 grupper.

Søknadsfristen var 1. februar for søknader om fortrinnsrett eller individuell handsaming til opplæring i skule, og for søknader om tilrettelagt lærekontrakt eller opplæringskontrakt. For alle andre søkarar var søknadsfristen 1. mars.

Tidlegare vedtak i fylkestinget og hovudutvalet for opplæring om oppfyltingsgrad og minimum søkartal etter første prøveinntak er lagt til grunn i arbeidet med justeringa. Kravet er 20 inntekne i grupper med 30 plassar og 8 inntekne i grupper med 12-15 plassar. For musikk, dans og drama er kravet 16 inntekne til musikk og 16 inntekne til dans og drama samla.

I tillegg har fylkestinget gitt hovudutvalet for opplæring fullmakt til å gjere unntak frå vedtak om oppfyltingskrav, då innanfor den økonomiske ramma til opplæringstilbodet.(FT-sak 55/13)

Opplæringsretten er knytt til utdanningsprogram, og ikkje til skulestad. Søkarane i Sogn og Fjordane har høve til å setje opp tre skuleønske per valde utdanningsprogram. Dette er ut over kravet i opplæringslova. Fylkeskommunen kan difor gje søkarar tilbod på ein skule dei ikkje har søkt på.

Ein veit av erfaring at ein del søkarar takkar nei til plassane dei får i inntaket. Det gjeld inntekne både på første og lågare ønske. Til inneverande skuleår takka 50 søkarar nei til plass på vg1 i første inntaket. Totalt på vg2 og vg3 takka 88 søkarar nei. I gruppa som takkar nei ligg også dei søkarane som ikkje svarte innan fristen.

I arbeidet med å få på plass eit samla tilbod har fylkesdirektøren også gjort vurderingar av totalt inntekne søkarar til det einskilde tilbodet som var lyst ut. I utdanningsprogram med relativt mange plassar totalt er det difor akseptabelt med ei lita underdekning av elevplassar.

Tidlegare vedteken føring på at det er inntekne elevar med ungdomsrett som er grunnlaget for kapasiteten i neste års opplæringstilbod, er vidareført. Søkartala som vert presenterte i tabellane er søkarar med ungdomsrett. I tidsrommet etter første inntak og fram mot skulestart vert det opna for at søkarar med fullføringsrett, vaksenrett og ungdomar utan rett kan få inntak til ledige plassar.

Etter at søkartala er klare simulerer fylkesdirektøren inntak til eigne vidaregåande skular gjennom fleire prøveinntak. Første prøveinntak, som byggjer på søkinga til det utlyste opplæringstilbodet, vart sendt hovudutvalet, fylkestillsvalde i opplæringssektoren og rektorane som internt dokument i saksførebuinga. Prøveinntaka er til hjelp i arbeidet med dimensjonering av tilbodet. Prøveinntaka er gjennomførde på grunnlag av karakterane til 1. termin. Kven som til slutt kjem inn på dei ulike tilboda er ikkje klart før inntaka i juli.

Fagopplæringsnemnda har ei viktig rolle for å ivareta næringslivet sine behov for faglærd arbeidskraft. Fylkeskommunen skal legge vekt på det fagopplæringsnemnda har vedteke eller uttalt.(§4-8 i opplæringslova). Fagopplæringsnemnda handsama opplæringstilbodet i møte 14. mars, og deira tilråding ligg i saka.

Utgangspunktet for saksframstillinga er søkartal per 2. mars (vedlegg 4) og gjennomførde prøveinntak. I saka viser fylkesdirektøren endringar i høve det utlyste tilbodet.

3. NÆRARE OM PRIMÆRSØKARTALA PER 2.3.

	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	Endringer frå 2017-2018 til 2018-2019
Søkarar til skule:	03.03.2015	02.3.2016.	02.03.2017	02.03.2018	
Med ungdomsrett	4045	4029	4005	4043	38
Søkarar til vg1 av dei med ungdomsrett	1582	1610	1599	1634	35
Utan ungdomsrett	248	274	335	271	-64
Totalt- med og utan ungdomsrett	4293	4303	4340	4314	-26
Tal plassar i skule	4364	4147	4139	4234	95
Søkarar til bedrift:					
Med ungdomsrett	514	487	502	529	27
Utan ungdomsrett	111	123	133	88	-45
Totalt- med og utan ungdomsrett	625	610	635	617	-18
Tal intensjonsavtalar med lærebedrifter	786	892	827	778	-49
					0
Tal søkarar med ungdomsrett til skule og opplæring i bedrift	4559	4516	4507	4572	65
Primærsøkarar med ungdomsrett utan tilbod	221	271	182	171	-11
Ledige plassar	239	215	234	261	27
Søkarar frå grunnskulen til vg1 - våre skular	1434	1407	1384	1368	-16

Tabell 1 syner søkinga per 2.3.2018. Søkartala syner små endringar frå året før. Det er samla ein auke i søking til skule med 38 søkarar, 34 av desse er til vg1. Tabellen syner ein nedgang i tal intensjonsavtalar. Også til opplæring i bedrift er det auke i søkinga.

Primærsøkarar med ungdomsrett til vg1- Våre vidaregåande skular	2017-2018	2018-2019	differanse mellom 2018-2019 og 2017-2018
idrettsfag	120	104	-16
kunst, design og arkitektur	21	12	-9
medium og kommunikasjon	31	29	-2
musikk, dans og drama	50	37	-13
studiespesialisering	521	543	22
totalt studieførebuande	743	725	-18
bygg- og anleggsteknikk	142	131	-11
design og handverk	22	18	-4
elektrofag	153	170	17
helse og oppvekst	214	247	33
naturbruk	58	52	-6
restaurant- og matfag	26	29	3
service og samferdsel	72	89	17
teknikk og industriell produksjon	169	173	4
totalt yrkesfagleg	856	909	53
totalt alle utdanningsprogram	1599	1634	35

Tabell 2 syner tal søkarar til vg1. Det er 35 fleire søkarar enn i fjor. 55% av søkarane til vg1 har søkt til yrkesfaglege utdanningsprogram og 45% har søkt til studieførebuande utdanningsprogram. I 2017-2018 var fordelinga 53,5% til yrkesfag og 46,5% til studieførebuande fag, og 2016-2017 var tilsvarande fordeling 52,5% mot 47,5.

I dei studieførebuande utdanningsprogramma er det færre søkarar til idrettsfag og musikk, dans og drama og kunst, design og arkitektur, medan det er fleire søkarar til studiespesialisering. I

yrkesfaga er det færre søkarar til bygg- og anleggsteknikk, naturbruk og design og handverk, medan det er fleire søkarar til dei fem andre utdanningsprogramma.

3.1 Konsekvensar av søkartala

For andre år viser søkinga auke til vg1 yrkesfag. Frå 2016-2017 til 2018-2019 har søkinga gått opp 2,5%, og tilsvarande ned i dei studieførebuande utdanningsprogramma..

Søkartala per 2. mars gir også i år nokre utfordringar i høve fylkestinget sitt vedtak om oppfyltingsgrad og minimumssøkartal. Fylkesdirektøren si tolking av vedtaket er at søkartala, slik dei kjem til uttrykk gjennom inntekne i første prøveinntak, er grunnlag for vurdering av om krava er oppfylte.

Desse tilboda har lågare søking og oppfylling etter 1. prøveinntak enn minimumstalet vedteke i fylkestinget:

- vg2 kjemiprosess ved Årdal vidaregåande skule, med 5 inntekne og 7 ledige plassar
- vg2 kokk- og servitør ved Sogndal vidaregåande skule, med 4 inntekne og 8 ledige plassar
- vg2 industriteknologi ved Dale vidaregåande skule, med 5 inntekne 7 ledige plassar
- vg2 byggtknikk ved Stryn vidaregåande skule, der det er 17 inntekne til to grupper. Det betyr at gruppe to har 5 inntekne og 7 ledige plassar.
- vg1 studiespesialisering ved Stryn vidaregåande skule, der det er 47 inntekne til to grupper. Det betyr at gruppe to har 17 inntekne og 13 ledige plassar.
- vg2 medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule, med 14 inntekne og 16 ledige plassar.

3.2 Konsekvensar av friare skuleval

I saka om justering av opplæringstilbodet i 2017 gjorde fylkesdirektøren greie for korleis utveksling av informasjon om inntekne elevar i andre fylke først var mogeleg ved overføring av elevdata i september/oktober. I år er dataverktøyet utvikla for å gi raskt svar på kor mange søkarar med ungdomsrett som har søkt andre fylke, dvs. søkarar heimfylket får refusjonskrav for etter forskrifta om friare skuleval dersom dei får skuleplass.

Få andre fylke justerer opplæringstilbodet så tidleg som Sogn og Fjordane, og dei har difor heller ikkje behov for å handsame søkarresultata så tidleg. Informasjon frå alle fylka er difor førebels ikkje på plass. Per 19.03 syner databasen at 10 søkarar frå Sogn og Fjordane har søkt skuleplass i andre fylke. Det er søkarar utanom landslinjer og avtalar om kjøp av plassar i andre fylke.

Det er ein auke i søknader frå ungdom, 25 år og yngre, frå andre fylke til skuleplassar i Sogn og Fjordane, 122 mot 105 i fjor. Det betyr likevel ikkje at dei tek i mot ein ledig skuleplass dersom dei får eit tilbod etter 2.inntak. Frå skulestart og fram til 1. september skal skulane melde inn elevar frå andre fylke som har starta i Sogn og Fjordane.

Søkarar frå andre fylke til våre tilbod vert handsama på linje med søkarar frå Sogn og Fjordane utan ungdomsrett.

3.3 Særskilte tilbod

Landslinje studiespesialisering med skiskyting

Til landslinja vg1 studiespesialisering med skiskyting er det registrert 8 søkarar frå eige fylke, og 9 søkarar frå andre fylke. Berre ein søkar frå andre fylke har tilbodet som første ønske. Stryn vidaregåande skule har fått liste over søkarane, og den vidare prosessen går mellom søkarane og skulen.

Stryn vidaregåande skule har søkt fylkesdirektøren om å få leggje til rette for opplæring fram til fagbrev kombinert med landslinje i skiskyting, for søkarar til bygg- og anleggsteknikk. Utgangspunktet for søknaden er Utdanningsdirektoratet sitt regelverk om bruk av «meir fleksibilitet i fag- og timefordelinga».

Fylkesdirektøren har vurdert søknaden, og finn at det planlagde løpet tilfredsstiller rettleiaren frå Utdanningsdirektoratet om ordninga «meir fleksibilitet i fag- og timefordelinga» og kravet til opning for omval etter vg1.

Tilbudet var ikkje søkbart til skuleåret 2018-2019, men skulen har kontakt med aktuelle kandidatar.

Fylkesdirektøren har sett som vilkår for ordninga at søkarane må søke vg1 bygg- og anleggsteknikk, og at søkarar til studiespesialisering med skiskyting må vurderast først. Eventuelle restplassar av dei 10 godkjende plassane kan nyttast til å gje tilbod i kombinasjonen byggfag og skiskyting. Desse skal ikkje reknast med i talet vi rapporterer til Utdanningsdirektoratet som tilskotsgrunnlag. For desse elevane må det utarbeidast lokal forskrift som sikrar retten deira til å fullføre opplæringa. Slik forskrift må handsamast i fylkestinget, seinast i juni 2018.

Spissa idrettstilbod

Søkinga til «Spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar» syner per 2.3. i alt 20 (20) søkarar til vg1. Det er 14 (18) til fotball ved Sogndal vidaregåande skule, og 6 (2) til volleyball ved Hafstad vidaregåande skule. Søkartala for 2017 står i parentes.

Nytt i år er at søkarane sender dokumentasjon på idrettsfaglege ferdigheiter direkte til Sogn og Fjordane Idrettskrins. Idrettskrinsen prioriterer søkarane etter gjeldande retningslinjer. Hovudregelen er inntil 5 per årssteg per idrett, men med høve til å vere meir fleksibel m.o.t. årssteg innanfor ramma av maksimalt 15 per idrett.

Søkarane til «Spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar» får melding frå skulane om at dei kan delta i ordninga, dersom dei i inntaket får plass på utdanningsprogramma ordningane er knytte til.

Til ordninga «Potensielle toppidrettsutøvarar», som gjeld for andre idrettar enn dei som inngår i «Spissa idrettstilbod», er det 12 (9) søkarar til vg1. Søkarane søker til ulike utdanningsprogram og skular i fylket.

Søkarane til «Potensielle toppidrettsutøvarar» kan starte kombinasjonen idrett og skule dersom dei får plass ved den/dei skulen/skulane søknaden er knytt til.

Hordalandsavtalen

Det er i alt 25 (24) søkarar med ungdomsrett til Austrheim vidaregåande skule gjennom Hordalandsavtalen, 15 (9) av desse er til vg1. Søkartal for 2017-2018 står i parentes. Det har vore stor variasjon i tal søkarar dei siste tre åra.

8 av 33 avgangselevar frå Gulen kommune og 4 av 13 avgangselevar frå Solund kommune har søkt seg til vg1 ved Austrheim vidaregåande skule. Til saman 35 av avgangselevane frå Gulen og Solund har søkt til eigne vidaregåande skular, 5 av desse er til Dale vidaregåande skule.

Det er ein søkar frå Aurland med postnummer Gudvangen som har søkt til Voss vidaregåande skule.

4. FAGOPPLÆRINGSNEMNDA SITT VEDTAK

Fagopplæringsnemnda drøfta justeringar i opplæringstilbodet i møte 14.3.18. Saksframstilling og møtebok er vedlegg 3

Fagopplæringsnemnda gir følgjande uttale om justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019:

Ved dimensjonering av tilbodet innan yrkesfaga, er det særskilt viktig å sjå på behova for faglært arbeidskraft i næringslivet og tilgangen på læreplassar i dei ulike faga. Ut frå formål prioriterer fagopplæringsnemnda nærings- og arbeidslivet sitt behov framfor elevane sine ynskjer. I framlegget er det kommentert tal klasser og samla dimensjonering på fylkesnivå. Tilbodet og dimensjoneringa innan dei tre store faga bygg - og anleggsteknikk, teknikk og industriell produksjon og elektrofag må sjåast i samanheng. I uttalen er også vg 2 tilboda vektlagt.

Søknaden til yrkesfaga VG1 har auka dette året. Det er svært gledeleg. Særleg er auken i søkinga til vg1 helse- og oppvekst gledeleg. Av søkarar til vg1 med ungdomsrett har 55,2 % søkt yrkesfag, mens 44,8 % har søkt studieførebuande fag.

Elektrofag

I elektrofag er det ein stor oversøknad i høve til det utlyste tilbodet på vg1. Det er heile 169 søkjarar til 130 plassar. I møte med opplæringskontora vart det stilt spørsmål om det er mogeleg å skaffe fleire læreplassar til dette faget. Svaret frå opplæringskontoret for elektrofag og Sogn opplæringskontor var tydelege på at tal læreplassar ikkje kan aukast. Opplæringskontoret for Nordfjord meinte det kunne vere mogeleg å auke tal læreplassar noko. Trass i stor søkning, bør dimensjoneringa på vg1 vere som i dag. På vg2 er det oversøking til elenergi. Ut i frå søkjartalet og tilgang på læreplassar bør det aukast opp med ein klasse i dette faget. Vi veit også at næringslivet har behov for arbeidskraft på dette fagområdet.

Bygg - og anleggsteknikk

Søknaden til dette faget har gått vesentleg ned det siste året. Dette heng saman med ein nasjonal trend. I Sogn og Fjordane kjem nedgangen seinare enn i t.d. Hordaland. Likevel har byggenæringa framleis stor trong for fagarbeidarar på fagområdet. Mange av søkjarane til elektro har bygg- og anleggsteknikk som sitt andre ynskje. Difor blir mange av plassane oppfylte med elevar som ikkje kjem inn på elektro. Etter det vi kan sjå bør dimensjoneringa vere som i dag. Til vg2 er det god søknad. Samstundes er det god tilgang på læreplassar. I anleggsmaskinfaget må det vurderast å auke opp med ei gruppe. Utover dette bør dimensjoneringa vere som utlyst.

Teknikk og industriell produksjon

Til vg1 TIP er det færre søkjarar enn tal utlyste plassar. Men ut frå oversøkinga til elektro, veit vi at mange har TIP som sitt andre val. Vi har dei siste åra opplevd at mange av søkjer seg til transport og logistikk og anleggsteknikk på vg2 gjennom kryssløp. Begge desse forholda tilseier at vg1 TIP bør aukast opp med ein klasse. Til vg2 er Industrieteknologi er det svært stor nedgang i tal søkjarar. Dette er også ein nasjonal trend og heng saman med nedturen til oljenæringa. Sett frå fagopplæringsnemnda vil industrieteknologi bli eit viktig fag også for framtida. Tal klassar må nok reduserast noko, men det er viktig å ikkje svekke fagmiljøet for mykje ute på dei skulane. Vi har merka oss at det er auka søknad på bilfaget i fylket. Det er bra å få større konkurranse og auka gjennomsnitt karakter for elevane på køyretøy. Fagopplæringsnemnda er oppmerksam på at TIP har kryssløp til fleire fag.

Helse - og oppvekstfag

Fagopplæringsnemnda har med merka seg den store og aukande søknaden til helse - og oppvekstfag. Det er positivt at langt fleire elevar går ut i lære enn tidlegare. Siste åra har dette faget hatt aukande tilgang på læreplassar. Spørsmålet er om det er mogeleg å auke tal læreplassar endå meir. Ut frå søkjartala og behova i kommunane vil vi tilrå å auke opptaket med ein klasse sett i høve til utlyste tilbodet. Til vg2 er det meir samsvar mellom tal søkjarar og utlyste klassar. Elles har vi merka oss at fleire kommunar i fylket framleis tek inn alt for få lærlingar sett i høve til KS si målsetting. For eitt år sidan vurderte Helse Førde å ta inn læringar i helsefagarbeidarfaget. Men arbeidet har diverre stoppa opp.

Naturbruk - maritime fag

I dei maritime faga er det bra søknad. Denne har auka litt frå tidlegare år. Opplæringskontoret og bransjen seier at det er grunnlag for å auka inntaket noko. På bakgrunn av søkjartalet meiner vi at klassetalet bør vere som i dag.

Restaurant- og matfag

Det har over fleire år vore dårleg søknad til dette faget. Dette til trass for at det er god tilgang på læreplassar og det er stort behov for faglært arbeidskraft. Det må også nemnast at fylkeskommunen har satsa på dette faget gjennom store investeringar ved Sogndal v.g. skule. Søkjartalet til vg1 tilseier at tal klassar blir som utlyst tilbod. Til vg2 er søkjartalet svært dårleg i Sogn. Dette tilbodet kan vanskeleg bli starta opp. Vi har særskilt merka oss at søkjartalet ved Sogndal v.g. skule er lågt til restaurant og matfag. Skulle likevel det endelege søkjartalet vise eit auka grunnlag, ber fagopplæringsnemnda om at det utlyste tilbodet på vg2 vert sett i gang.

Service og samferdsel

I service - og samferdsel er søkjartalet betre enn i 2017. Det er stor trong for arbeidskraft innan dette fagområdet og det er bra tilgang på læreplassar. Søknaden til vg1 er samsvar med tal utlyste grupper. Til vg2 er det også bra samsvar mellom samla tal søknadar og utlyste grupper. Dimensjoneringa bør vere som i utlysinga.

Fylkesdekkande og landsdekkande tilbod

Fagopplæringsnemnda har merka seg at svært låge søkjartalet til kjemiprosessfag. Dette er eit viktig fag for industrien i Årdal, Høyanger og Svelgen. Det er svært uheldig og beklageleg at så få søkjer seg dette faget. Dette tilbodet er fylkesdekkande og har god tilgang på læreplassar.

Marknadsføring av tilbud og samarbeid med næringslivet, kommunane og bransjeforeiningane

Nokre fagområde har dårleg søknad sjølv om tilgangen på arbeidsplassar og læreplassar er svært god. Dette gjeld særleg restaurant - og matfag. I service- og samferdsel har søkjartalet blitt litt betre dette året. For å få fleire søkjarar og betre tilgangen på faglært arbeidskraft for næringslivet må ein gå nye vegar. Etter fagopplæringsnemnda sitt syn må næringane som manglar arbeidskraft sterkare på bana.

Næringslivet, bransjeforeiningane og kommunane må engasjere seg sterkare for vise kva moglegheit som finst i dei ulike næringane og bransjane. Like eins må næringslivet gjere arbeidsplassane meir attraktive. Eksempel på bransjar og område som ein kan utvikle betre samarbeid mellom fylkeskommunen, opplæringskontra er mat- og restaurantnæringa, elmontørane og Helse Førde.

Fagopplæringsnemnda må også halde fram det gode samarbeidet med regionråda og kommunane i fylket for skaffe fleire læreplassar i kommunane.

Tal læreplassar

Tal læreplassar i dei ulike fagområda er ein viktig føresetnad for dimensjoneringa av dei ulike fagområda i den vidaregåande skulen. Fagopplæringsnemnda og opplæringsutvalet får kvart år orientering om tilgang på læreplassar i dei ulike faga. Men det er svært ofte diskusjon om tala som vert lagt fram er rette. Fagopplæringsnemnda oppmodar opplæringsavdelinga og opplæringskontora om å gå nøye gjennom talgrunnlaget og om mogeleg bli samde om tal læreplassar i dei ulike fagområda. Dette må gjerast i god tid får justeringssaka kjem opp til handsaming i mars månad.

Kjønnsdelt søknadsmønster.

Tabellen under viser tal søkjarar til yrkesfag fordelt etter kjønn. Tala viser primærsøkjarar med ungdomsrett.

	Kvinn. søkjarar	% fordeling	Mannl.søkjarar	% fordeling	Sum søkjarar
Elektrofag, El	13	7,6 %	159	92,4 %	172
Bygg- og anleggsteknikk, BA	5	3,7 %	129	96,3 %	134
Design- og handverk, DH	15	75,0 %	5	25,0 %	20
Teknikk og industriell produks	15	8,6 %	159	91,4 %	174
Servise- og samferdsel, SS	32	36,0 %	57	64,0 %	89
Helse- og oppvekstfag, HS	214	83,3 %	43	16,7 %	257
Naturbruk, NA	24	46,2 %	28	53,8 %	52
Restaurant- og matfag, RM	19	65,5 %	10	34,5 %	29
SUM	337	36,4 %	590	63,6 %	927

Som vi ser av tabellen er søknadsmønsteret svært skeivt med tanke på kjønn. Gutane søker elektro, TIP samt bygg- og anleggsteknikk. Jentene søker helse- og oppvekstfag samt design og handverk. Det er svært uheldig med eit så skeivfordelt søkjarmønster. Skeivfordelinga har ikkje blitt betre dei siste åra. All erfaring viser at arbeidsmiljøet og produktiviteten i næringslivet og kommunane blir betre om kjønnsbalansen på arbeidsplassane vert betre.

Vi er komne svært langt i arbeidet med likestilling på mange område i samfunnet. Men i val av utdanningsretning har vi framleis ein lang veg å gå. Viktige stikkord i for å få ein betre kjønnsbalanse i utdanningsvala er informasjon og haldningsskapande arbeid. Skulane har eit særskilt ansvar for dette.

5. FYLKESDIREKTØREN SINE VURDERINGAR OG TILRÅDING

Fylkesdirektøren har i sitt arbeid vurdert innspela frå dei vidaregåande skulane og opplæringskontora, og har lagt fagopplæringsnemnda si tilråding til grunn. (Vedlegg 1-3)

Med økonomiplanvedtaket, som opnar for same gruppetal i 2018-2019 som inneverande år, har arbeidet med justeringa av tilbudet vore mindre krevjande enn tidlegare år. Fylkesdirektøren sine vurderingar og framlegg er gjort i lys av fylkestinget sitt vedtak om høgast mogeleg oppfylling og minimum søkartal. Behovet for grupperessursar er nøkternt vurdert, og framlegget har om lag same tal ledige plassar og tal søkarar utan tilbod som dei føregåande åra.

Det er gjennomført i alt åtte prøveinntak som grunnlag for fylkesdirektøren si tilråding til endringer i høve det utlyste tilbodet. Problemstillingane er drøfta samla for kvart utdanningsprogram, med tilrådingane presenterte fortløpande i tillegg til samletabell under oppsummeringa.

5.1 Fylkesdirektøren sine framlegg til endringar

Bygg- og anleggsteknikk

Til vg1 bygg- og anleggsteknikk var det 131 primær søkerar med ungdomsrett til 172 plassar. Det er ein liten nedgang i søkinga samanlikna med i fjor. Det er ingen av gruppene som har inntekne søkerar under vedtekte minimumstal, slik at dei 14 utlyste gruppene vert sette i gang. Det er 8 søkerar utan tilbod, men det er fylkesdirektøren si vurdering er at dette vil løyse seg i inntaket.

Etter det første prøveinntaket syner søkartalet til vg2 byggteknikk ved Stryn vidaregåande skule at det er teke inn 17 til 2 grupper med 24 plassar. Det betyr 5 inntekne til gruppe to, og 7 ledige plassar. Fylkesdirektøren si tilråding er at vg2 byggteknikk blir redusert frå 2 til 1 gruppe ved Stryn vidaregåande skule.

For å ivareta elevane som går vekslingsmodell i vg2 byggteknikk har skulen tidlegare hatt plasstal på 17 i ei gruppe. Fylkesdirektøren si vurdering er at ein plasstalsauke vil løyse utfordringane i vekslingsmodellen også for neste skuleår.

Det er gledeleg å sjå at det er søkerar til fulle grupper på vg2 klima, energi og miljø, både ved Flora - og Sogndal vidaregåande skule.

Vg2 anleggsteknikk vart lyst ut med 3 grupper, 2 ved Mo og Øyrane vidaregåande skule og 1 ved Sogndal vidaregåande skule. Det er stor oversøking til Mo og Øyrane, medan søkartalet til Sogndal tilnærma er tilpassa plasstalet. Opplæringskontoret for anlegg og bergfagene si vurdering er at 3 grupper er rett dimensjonering.

Fylkesdirektøren gjer slikt framlegg:

- vg2 byggteknikk ved Stryn vidaregåande skule vert redusert frå 2 til 1 gruppe.

Design og handverk

Til vg1 i utdanningsprogrammet ved Eid vidaregåande skule er det 18 primær søkerar med ungdomsrett til 30 plassar, og det er i prøveinntaket teke inn 30 søkerar. Her er ikkje behov for justering.

På vg2 interiør- og utstillingsdesign ved Eid vidaregåande skule er det 8 primær søkerar til 8 plassar. Til vg2 frisør ved Høyanger vidaregåande skule var det 6 primær søkerar, men første prøveinntak viser 8 inntekne.

Fylkesdirektøren gjer ikkje framlegg om endringar i design og handverk.

Elektrofag

På vg1 vart det lyst ut 10 grupper. Nivået er i samsvar med tilrådinga frå opplæringskontoret for elektrofag (OFEL). Etter vesentleg nedgang i søkartalet frå 2016-2017 til 2017-2018 (53) er det i år auke i søkartalet, med 17 fleire enn i fjor. Læreplasskapasiteten gir ikkje grunnlag for å auke kapasiteten ut over utlyst tilbod.

Fylkesdirektøren tilrår at dei 10 gruppene som er lyste ut vert sette i gang.

Første prøveinntak synte underkapasitet på om lag ei gruppe til vg2 elenergi. Kapasiteten i dei to andre programområda, vg2 data og elektronikk og vg2 automatisering, er tilpassa søkinga. Fylkesdirektøren rår til at kapasiteten på vg2 elenergi vert auka med ei gruppe, i samsvar med tilrådinga frå fagopplæringsnemnda. Tal søkerar utan tilbod var størst ved Flora vidaregåande skule, og ein rår til at gruppa vert lagt dit.

Til vg3 dataelektronikar ved Eid og Sogndal vidaregåande skular er det god søking, og begge gruppene er fulle. Også til vg3 automatiseringsfaget er det god søking til både Eid og Årdal vidaregåande skular.

Fylkesdirektøren gjer slikt framlegg:

- vg2 elenergi ved Flora vidaregåande skule vert auka frå 1 til 2 grupper.

Helse- og oppvekstfag

Det er, også i år, auke i primærsøkinga til vg1 helse og oppvekstfag, med 247 primærsøkarar til 171 utlyste plassar, mot 214 søkarar i fjor. På to år har søkinga til vg1 helse og oppvekst auka med 56, som inneber nær 30% auke.

På grunnlag av innspel frå opplæringskontor, auka innsats i kommunane og tal søkarar utan tilbod, meiner fylkesdirektøren at det er grunnlag for å auke kapasiteten både ved Mo og Øyrane og Stryn vidaregåande skular. Fagopplæringsnemnda rår til å auke tilbodet med ei gruppe. Det vil då framleis vere 13 søkarar att utan tilbod, men med 200 plassar i utdanningsprogrammet er det også her fylkesdirektøren si vurdering at det vil løyse seg i inntaket.

På vg2 var det i første prøveinntaket 12 utan plass og 24 ledige plassar. To tilbod hadde inntekne under vedteken minimumsgrense. Vg2 helsearbeidar ved Stryn vidaregåande skule har 20 inntekne totalt til to grupper, 5 inntekne og 10 ledige. Tilsvarende er det ved Sogndal vidaregåande skule, med 22 inntekne til to grupper, 7 inntekne og 8 ledige.

Ved å ta ut begge desse tilboda, i tråd med fylkestingsvedtaket, vart den samla kapasiteten på vg2 i utdanningsprogrammet helse og oppvekst for liten til å gje tilbod til alle søkarane. Fylkesdirektøren rår difor til at ei av gruppene ikkje vert teken ut, og sidan Sogndal vidaregåande skule hadde flest inntekne i første prøveinntak, vert tilbodet der tilrådd sett i gang.

Fylkesdirektøren gjer slikt framlegg:

- vg1 helse- og oppvekstfag ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert auka med ei gruppe frå 3 til 4 grupper.
- vg1 helse- og oppvekstfag ved Stryn vidaregåande skule vert auka med ei gruppe frå 1 til 2 grupper.
- vg2 helsearbeidar ved Stryn vidaregåande skule vert redusert frå 2 til 1 gruppe.

Naturbruk

Det er ein liten nedgang i søkinga til vg1, med 52 primærsøkarar med ungdomsrett mot 58 i fjor.

I saka om opplæringstilbodet i november 2017 vart vg1 naturbruk auka frå 1 til 2 grupper. Over fleire år har skulane, i lag med næringane, jobba aktivt for å auke rekrutteringa til naturbruk. I tillegg var det behov for å auke kapasiteten på vg1 i Sunnfjord, og det var ønskeleg å gjere det utan å legge press på læreplasskapasiteten.

Det var 20 primærsøkarar til 24 plassar på vg1 naturbruk ved skulen, og etter første prøveinntaket var 23 søkarar tekne inn. Også til vg1 naturbruk med hest ved Mo og Øyrane vidaregåande skule er det gode søkartal og teke inn til full gruppe.

Til vg1 naturbruk ved Måløy vidaregåande skule er det 20 primærsøkarar til 12 plassar. Opplæringskontoret skriv i sitt innspel at det no er læreplassstilgang til meir enn 12 elevar og difor bør kapasiteten i skule aukast. Det er svært positivt med auka søking til naturbruk i retninga som går mot fiskeri- og havbruksfaga. Fylkesdirektøren rår difor til at kapasiteten blir auka med 0,5 gruppe, frå 12 til 18 plassar på vg1.

Til vg3 naturbruk studieførebuande er det 6 primærsøkarar med ungdomsrett. Vg3 naturbruk studieførebuande er lyst ut i lag med YSK tilbodet i sal, service og sikkerheit, 3. og 4. året. Det er samla rekna inn ein grupperessurs for denne kombinasjonen.

Fylkesdirektøren gjer slikt framlegg:

- vg1 naturbruk ved Måløy vidaregåande skule vert auka frå med 0,5 gruppe frå 1 til 1,5 grupper

Restaurant- og matfag

Til vg1 i utdanningsprogrammet restaurant- og matfag er det 29 primær søkerar til 43 plassar i tre grupper. Dette er ein auke på 3 primær søkerar frå i fjor.

Til vg2 kokk- og servitør er det 25 primær søkerar til 36 plassar. Ved Sogndal vidaregåande skule er inntekne etter første prøveinntak under vedteke minstekrav. Fylkesdirektøren rår difor til at tilbodet ikkje vert sett i gang.

Service og samferdsel

Til utdanningsprogrammet service og samferdsel er det ein auke i søkarta til vg1, med 89 primær søkerar med ungdomsrett til 88 utlyste plassar (mot 72 primær søkerar til inneverande skuleår). Etter første prøveinntak var det 10 utan tilbod, og 5 ledige plassar.

Søkarar utan tilbod og ledige plassar gir òleine ikkje grunn til å auke kapasiteten. Tal søkerar utan tilbod, sett i samanheng med den totale søkinga til vg1 yrkesfag, og at dette utdanningsprogrammet rekrutterer godt frå begge kjønn, gjer at fylkesdirektøren gjer framlegg om å auke kapasiteten med ei gruppe. Det er ved Stryn vidaregåande skule det er flest søkerar utan tilbod, og fylkesdirektøren rår til at gruppa blir lagt der.

Til vg2- tilboda i utdanningsprogrammet er det 20 ledige plassar totalt i 8 grupper, og 2 søkerar utan tilbod. Alle gruppene har søking over minstekravet til oppfylling.

Fylkesdirektøren gjer slikt framlegg:

- vg1 service og samferdsel ved Stryn vidaregåande skule vert auka frå 1 til 2 grupper.

Teknikk og industriell produksjon

Til vg1 teknikk og industriell produksjon er det 4 primær søkerar fleire enn i fjor. Det er 173 søkerar til 164 utlyste plassar. Dei siste åra har det stått att søkerar til opplæring i bedrift frå fleire av programområda på vg2, Desse har hatt vanskar med å skaffe seg læreplass.

Søkarar til teknikk og industriell produksjon har ofte også søkt elektrofag. Som omtalt under utdanningsprogrammet elektrofag er det ikkje rom for å auke kapasiteten her, og for dei to utdanningsprogramma var det 26 søkerar att utan tilbod etter første prøveinntaket.

Fylkesdirektøren si vurdering er at det vil vere rom for å auke med ei gruppe vg1 teknikk og industriell produksjon. Vurderinga av vg2 tilbodet er bygd på søkinga til dei 152 elevane med ungdomsrett som går vg1 teknikk og industriell produksjon i år:

Primær søking frå vg1 teknikk og industriell produksjon	
Elevane i vg1 teknikk og industriell produksjon skuleåret 17-18 har søkt til:	152
Primær søking til programområde i utdanningsprogrammet	
Kjøretøy	35
Industrieteknologi	30
Maritime fag	30
Kjemiprosess	4
Industriell møbelprod, LAD	2
Bilskade, lakk og karosseri	1
Sum	102
Primær søking til godkjende kryssløp	
Anleggsteknikk	20
Transport og logistikk	14
Automatisering	4
Børsemaker, LAD	1

Sum	39
Primærsøking med grunnlag i tidlegare vg1	
Fiske og fangst	1
Total primærsøking frå vg1 til vg2 18-19	141
Omval frå 17-18 til 18-19	5
Elevar på HT kode- vg1 status	6

Tabell 3

Tabellen syner at 39 av 141 (28%) av søkarane frå vg1 har søkt kryssløp til vg2 i andre utdanningsprogram. Ein av tre primærsøkarar til vg2 anleggsteknikk kjem frå vg1 teknikk og industriell produksjon.

Sidan så stor del søker seg til anleggsteknikk og til transport og logistikk meiner fylkesdirektøren at det er forsvarleg å opprette ei gruppe til. Tilgangen på læreplassar i yrkessjåførfaget og i anleggsmaskinførarfaget er tilfredsstillande.

Til inneverande skuleår (2017-2018) søkte om lag same tal søkarar frå vg1 teknikk og industriell produksjon til anleggsteknikk og til transport og logistikk som det vi ser til 2018-2019. I tillegg har primærsøkinga frå vg1 teknikk og industriell produksjon til vg2 industriteknologi gått ned med om lag 15 søkarar frå i fjor til i år. Det forklarar den relativt låge søkinga til fleire av gruppene. Det er ein søkar til kryssløpet frå vg1 elektrofag til vg2 industriteknologi.

Tal søkarar utan tilbod etter første prøveinntak, og gjennomgang av heimkommune, gjer at fylkesdirektøren rår til at den ekstra gruppa vg1 vert lagt til Dale vidaregåande skule. Av 20 primærsøkarar til vg1 teknikk og industriell produksjon ved skulen er 17 frå Hafs-regionen. Auken i kapasiteten med ei gruppe på vg1 er i samsvar med tilrådinga frå fagopplæringsnemnda.

Som nemnt er søkinga til vg2 industriteknologi svak ved fleire skular. Ved Dale vidaregåande skule er tal inntekne etter første prøveinntak under vedteken minimumsgrense, med 5 inntekne og 7 ledige plassar. Fylkesdirektøren si tilråding er at den gruppa ikkje vert sett i gang. Det vil vere rom for desse søkarane i andre grupper.

Bilbransjens opplæringskontor peikar i sitt innspel på at det er behov for 36 plassar totalt i fylket på vg2 køyretøy, dvs. 12 plassar ved Mo og Øyrane vidaregåande skule, der det per i dag er 9 plassar.

Etter vedtaket i hovudutval for opplæring vart tilbodet utlyst som 1,5 gruppe samla for vg2 køyretøy, og vg2 bilskade, lakk og karosseri med høvesvis 9 og 6 plassar. Fylkesdirektøren si vurdering er at formidlingsresultatet tilseier at vi ikkje bør auke den totale kapasiteten i fylket.

Ved Måløy vidaregåande skule er det også i år oversøking til vg2 maritime fag. Det er ikkje tilgjengeleg nok læreplassar til å auke dette gruppetalet.

Til det nyoppretta tilbodet vg2 plast og kompositt ved Måløy vidaregåande skule var det ingen søkarar, verken primærsøkarar eller på lågare ønske. Fylkesdirektøren reknar med at skulen og dei aktuelle bedriftene drøftar korleis ein seinare skal nå ut til aktuelle søkarar.

Til vg2 kjemiprosess ved Årdal vidaregåande skule syner første prøveinntak 5 inntekne og 7 ledige plassar. Tilbodet er fylkesdekkande, men med så få søkarar finn ikkje fylkesdirektøren at det er rett bruk av grupperessursane vi har til disposisjon.

Årdal vidaregåande skule har i møte med kommunen og sentrale bedrifter som Hydro Aluminium og Norsun drøfta søkartala og utfordringane. I uttalen står mellom anna at skulen treng å få aksept for grupper med noko lægre oppfyltingsgrad fordi ein no har to til tre år med låge elevtal, medan elevtalet på litt sikt går opp.

Fylkesdirektøren si vurdering er at opplæringstilbodet vert planlagt og justert for eitt år av gangen. Elevtalsutvikling på sikt kan ikkje vere vedtaksgrunnlag. Tal frå grunnskulens informasjonssystem (GSI) syner at tal avgangselevar i grunnskulen i Årdal vil variere mellom 51-64 frå 2019-2023. Til skuleåret 2018-2019 er det meldt inn 54 avgangselevar.

Fylkesdirektøren gjer slikt framlegg:

- vg1 teknikk og industriell produksjon ved Dale vidaregåande skule vert auka frå 1 til 2 grupper.
- vg2 industrideknologi ved Dale vidaregåande skule vert ikkje sett i gang.
- Vg2 kjemiprosess ved Årdal vidaregåande skule vert ikkje sett i gang.
- vg2 plast og kompositt vert ikkje sett i gang.

Studiespesialisering

Søkinga til vg1 studiespesialisering er samla sett godt tilpassa det utlyste tilbodet, med 543 primærsøkarar til 547 plassar, fordelt på 18 grupper. Etter første prøveinntak var det totalt 28 ledige plassar og 14 søkarar utan tilbod.

For vg1 studiespesialisering ved Stryn vidaregåande skule viser første prøveinntak 47 inntekne til 2 grupper, dvs. 17 inntekne til gruppe to. Fylkesdirektøren rår difor til at tilbodet vert redusert frå 2 til 1 gruppe. I prøveinntaket som framlegget bygger på er det ein primærsøkar utan plass ved skulen, det er 14 søkarar utan plass og 14 ledige plassar totalt i fylket.

Til landslinja studiespesialisering med skiskyting i Stryn er det 7 søkarar til vg1 frå eige fylke og 2 frå andre fylke. Dersom skulen vurderer alle som kvalifiserte for inntak, og alle takkar ja, er konsekvensen 21 plassar på ordinært vg1 studiespesialisering.

Til vg2 og vg3 er det ikkje grunnlag for justeringar.

Ulike kombinasjonar av program- og språkfag gjer at byte av skule mellom vg2 og vg3 i dei studieførebuande utdanningsprogramma er lite gunstig. Det er kvart år søkarar som ikkje konkurrerer seg inn på vg3 på same skule som dei gjekk vg2, og det vert krevjande for mottakarskulen å tilby dei rette fagkombinasjonane. Denne situasjonen oppstår stort sett fordi plassane etter elevane som reiser på utveksling i vg2 vert fylte opp av søkarar frå andre skular.

Fylkesdirektøren gjer slikt framlegg:

- vg1 studiespesialisering ved Stryn vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe frå 2 til 1 gruppe.

Idrettsfag

Til vg1 idrettsfag er det 104 primærsøkarar til 110 plassar, 16 færre enn i fjor., . Alle tre gruppene i fylket er fylte opp i første prøveinntak, og det er 3 søkarar utan plass og 1 ledig plass. Heller ikkje på vg2 og vg3 er det grunnlag for justeringar.

Medium og kommunikasjon

Til vg1 medium og kommunikasjon er det 29 primærsøkarar til 60 plassar. Første prøveinntaket viste 23 inntekne ved Sogndal vidaregåande skule og 30 inntekne ved Hafstad vidaregåande skule.

Til vg2 er resultatet av første prøveinntak 14 inntekne i Sogndal, og 16 ledige plassar. Ved Hafstad vidaregåande skule er det teke inn 23 søkarar. Tal inntekne ved Sogndal vidaregåande skule er under vedtekne minstesøking, men det vil ikkje vere plass til alle i ei gruppe ved Hafstad vidaregåande skule. For søkarar frå vg1 medium og kommunikasjon er vg2 medium og kommunikasjon einaste alternativet i utdanningsløpet. Fylkesdirektøren si tilråding er difor at denne gruppa vert sett i gang.

I Hafstad vidaregåande skule sitt innspel til justering av opplæringstilbodet går det fram at dei ser med uro på at søkarar som hadde vg1 medium og kommunikasjon som lågare ønske fekk skuleplass.

Fylkesdirektøren si erfaring er at oversøkinga til skulane i Førde, av søkarar som ikkje vil flytte frå Førde, fører til at mange tek kontakt med inntakskontoret eller skulane for å få ein ledig

plass, uavhengig av utdanningsprogram. Mange av desse har ikkje søkt medium og kommunikasjon, og dei har eller ikkje fått dette tilbudet frå fylkesdirektøren. Fylkesdirektøren gir berre tilbod på eitt av tre søkte utdanningsprogram, slik vi er pålagde, men som tidlegare omtala er retten ikkje knytt til ein bestemt skule.

Musikk, dans og drama

Til vg1 musikk, dans og drama er det 38 primærsøkarar til 48 plassar. Til alle tre retningane er tal inntekne ved første prøveinntak over vedteke minstekrav. Også til vg2 og vg3 er det god søking.

Kunst, design og arkitektur

Til vg1 kunst, design og arkitektur er det 12 primærsøkarar til 30 plassar, ein nedgang på 9 frå i fjor. Første prøveinntak viste 20 inntekne. Søkinga til kunst, design og arkitektur har framleis ikkje auka, sjølv om faga er blitt meir synlege gjennom eige utdanningsprogram.

Fylkesdirektøren har ingen framlegg til endringar i idrettsfag, medium og kommunikasjon, kunst, design og arkitektur og musikk, dans og drama.

Vg4 påbygging til studiekompetanse etter yrkeskompetanse og vg3 påbygging til generell studiekompetanse

Påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse (for søkarar som har bestått fag eller yrkeskompetanse) vart lyst ut ved Årdal vidaregåande skule i kombinasjon med ordinær påbygging til generell studiekompetanse for søkarar etter vg2 yrkesfag.

Det er 10 (14) søkarar som allereie har bestått fag- eller yrkeskompetanse. I tillegg er det 10 (9) søkarar som avsluttar læretida si i perioden frå 1.mars til 1.juli. Desse kan få tilbod dersom det framleis er kapasitet. Søkartala for 2017-2018 står i parentes. Fristen for å ha rett til plass skuleåret 2018-2019 er bestått yrkeskompetanse seinast 1.7. Søkarar som ikkje får plass skuleåret 2018-2019 vil ha rett på tilbod ved seinare inntak. Fylkesdirektøren vil sende informasjon til dei søkarane som avsluttar læretida etter 1. juli.

Søkartala har gått ned for andre år på rad, sjølv om tal årskull som har fått denne retten aukar for kvart år. Retten gjeld alle som har bestått fag/sveinebrev eller treårig yrkeskompetanse i skule etter 1.1.2014. Fylkesdirektøren har blitt kontakta av mange med rett til vg4, men som har søkt ordinær vg3 påbygging til generell studiekompetanse ved dei andre skulane i fylket. Mange av desse opplyser at dei ikkje ønskjer å søkje til Årdal vidaregåande skule.

Til vg3 påbygging til generell studiekompetanse etter vg2 yrkesfag var det 138 primærsøkarar med ungdomsrett til 127 plassar.

Erfaringane tilseier at svært mange av dei som får tilbod takkar nei, eller sluttar etter kort tid. Det skuldast anten at dei får tilbod om læreplass, vel eit anna skuletilbod, privat eller offentlig, eller vel å ta eit «friår». På grunnlag av erfaringane frå tidlegare inntak vil fylkesdirektøren ikkje rå til at kapasiteten vert auka. Alle søkarane med ungdomsrett kjem truleg til å få tilbod om plass.

Fylkesdirektøren gjer ikkje framlegg om endringar.

YSK-tilboda i fylket

I saka om opplæringstilbodet for 2017-18, sak 13/16, gjorde hovudutvalet for opplæring slikt vedtak i punkt 3:

Ved Måløy vidaregåande skule vert YSK tilbodet avgrensa til å gjelde vg2 helsearbeidarfag, vg2 industriteknologi og vg2 akvakultur med samla inntil 12 elevplassar innanfor ein grupperessurs per årsteg. Elevar som allereie har starta på eit YSK-tilbod i andre programområde får høve til å fullføre. Ved Mo og Øyrane vidaregåande gjeld YSK tilbodet vg2 sal, service og sikkerheit med inntil 12 elevplassar.

I saka om justering av opplæringstilbodet 2017-18, sak 5/17, gjorde hovudutvalet slikt vedtak i punkt 5

Plasstalet på YSK-tilbodet i Måløy vidaregåande skule vert auka frå 12 til 16, for å styrke YSK-tilbodet innanfor helsearbeidarfaget.

Det er kraftig nedgang i søkinga til YSK-tilboda ved Måløy vidaregåande skule. Det er til saman 10 primær søkerar med ungdomsrett til dei 16 plassane i dei tre utdanningsprogramma som inngår i tilbodet. Til inneverande skuleår var det samla 34 primær søkerar. Det er 5 søkerar til helse og oppvekst, 3 søkerar til naturbruk, maritime fag og 2 søkerar til teknikk og industriell produksjon.

Til YSK- tilbodet ved Mo og Øyrane vidaregåande skule er det 11 primær søkerar til 15 plassar, også det ein nedgang frå i fjor, då det var 20 primær søkerar.

Fylkesdirektøren kan så langt ikkje peike på nokon årsak til at søkinga til tilbod som over lang tid har vore svært populære, i år opplever så svak søking.

5.2 Inntekne og kapasitet i framlegg til justert opplæringstilbod

Framlegget til justert opplæringstilbod viser ei samla oppfylling på alle tre nivå på 94% (94%). På vg1 er oppfyllinga 96% (97%), på vg2 93% (94%) og på vg3 92% (91%). (Tala for i fjor i parentes.) Prøveinntaket syner at 3983 søkerar har fått skuleplass, mot 3971 i fjor.

Etter justeringa er totalt 87% (87%) av søkerane tekne inn på første ønske (både med omsyn til utdanningsprogram og skule) og 10% (8%) på 2. ønske. På vg1 er tala 83% (83%) på første ønske, og 12% (10%) på 2. ønske. (Tala for i fjor i parentes.)

Til vg1 er det 54 (54) søkerar med ungdomsrett utan tilbod og 68 (48) ledige plassar. På vg2 er det 72 (67) søkerar med ungdomsrett utan tilbod og 113 (94) ledige plassar. Tala for 2017-2018 står i parentes. I alt er det 171 søkerar med ungdomsrett som ikkje har fått tilbod, og det er 262 ledige plassar.

Som tidlegare år gjer fylkesdirektøren merksam på at prøveinntak er gjort på grunnlag av terminkarakterane, medan inntaket i juli er på grunnlag av standpunkt- og eksamenskarakterane.

Som gjennomgangen per utdanningsprogram har vist, kan vg1 i nokre utdanningsprogram bli utfordrande i inntaket. Det er likevel fylkesdirektøren si vurdering, basert på erfaring, at det stort sett vil bli plass til alle med ungdomsrett. I elektrofag ønsker ein ikkje å auke kapasiteten på vg1 før ein veit at tilgangen på læreplassar samla sett er auka. I helse- og oppvekstfag, teknikk og industriell produksjon og service og samferdsel er tilbodet auka med fire grupper og plasstalet auka. I studiespesialisering er plasstalet redusert med ei gruppe. Justeringa er ein naturleg konsekvens av auka søking til yrkesfag. Med 12-15 plassar per gruppe i yrkesfag, og 30 i studieførebuande, krev yrkesfaga fleire grupperessursar for å auke kapasiteten.

Programområda vg2 kokk- og servitør og vg2 kjemiprosess går begge ut mot lærefag det er stor etterspørsel etter i næringslivet, ein etterspørsel som er større enn kva vi klarer å etterkomme. Fylkesdirektøren vil i samarbeid med næringane og skulane vurdere om det er mogeleg å etablere eit tilbod for dei få søkerane, slik at vi kan komme behovet for læringar i møte. Slike tilbod må nytte fleksibiliteten i fag- og yrkesopplæringa, og ha utstrekt bruk av opplæring i bedrifter som føresetnad. Tilboda må kunne gjennomførast med ein mindre tilleggsressursar.

Fylkesdirektøren ser difor behovet for å ha ein ressurs tilsvarande ei gruppe til disposisjon til ei ekstra gruppe eller til å auke plasstalet, avhengig av kva løysingar som vil gje best utteljing. Mest truleg vil ein først i forkant av andre inntak sjå kor behovet er størst, alternativt i samband med prøveinntaket rett før første inntak. Prøveinntaka har synt at søkerane sine val av skular gjer at ein ytterlegare auke i gruppetal ikkje gjer utslag i fleire inntekne no.

Alle søkerane med ungdomsrett har rett på inntak til eitt av tre ønske. Etter andre inntaket står det kvar år igjen ein del søkerar som ennå ikkje har fått tilbod. Når skulane tek over inntaket skal dei prioritere søkerar utan tilbod til dei ledige plassane. Erfaringa er at i løpet av dei to første skuleveke har alle fått eit tilbod.

Fylkesdirektøren ber om å få fullmakt til å disponere ein ressurs tilsvarande ei gruppe i samband med inntaka.

5.3 Vurdering av konsekvensar for pedagogisk personale

Den årlege justeringa av opplæringstilbodet vil alltid kunne ha personalmessige konsekvensar. Ein auke eller reduksjon i gruppetalet vil påverke stillingsplanarbeidet som vert gjennomført på den einskilde skule.

Fylkesdirektøren si tilråding til justert opplæringstilbod for skuleåret 2018-2019 har same ramma som tilboda som vart sette i gang skuleåret 2017-2018. Dei tilboda fylkesdirektøren rår til ikkje vert sette i gang, vil få konsekvensar for tilsette i nokre programområde.

Når justeringssaka er vedteken kan skulane ferdigstille sine stillingsplanar, og ein vil få oversikt over eventuelt overtal. Eventuelt overtal vert handtert etter gjeldande prosedyre. Tildelte midlar til tilpassa opplæring og midlar til kompetanseheving vil også påverke det endelege biletet.

5.4 Utstys-, drifts- og arealbehov

Det er ikkje meldt inn behov.

6. FYLKESDIREKTØREN SI SAMLA TILRÅDING

Fylkesdirektøren sitt samla framlegg til justeringar går fram av tabell 4:

nivå	Skule	programområde	Frå tal grupper	til tal grupper	pluss	minus	Tilbod tilrådd ikkje sette i gang som følgje av FT sitt vedtak om minimum oppfylling	Endringar totalt
1	Dale	teknikk og industriell produksjon	1	2	1			
2	Dale	industriteknologi	1	0		-1	x	
2	Flora	elenergi	1	2	1			
1	Mo og Øyrane	helse og oppvekst	3	4	1			
1	Måløy	naturbruk	1	1,5	0,5			
2	Måløy	plast og kompositt	0,5	0		-0,5	x	
2	Sogndal	kokk og servitør	1	0		-1	x	
1	Stryn	studiespesialisering	2	1		-1		
1	Stryn	helse og oppvekst	1	2	1			
1	Stryn	service og samferdsel	1	2	1			
2	Stryn	byggteknikk	2	1		-1		
2	Stryn	helsearbeidar	2	1		-1		
2	Årdal	kjemi og prosess	1	0		-1	x	
		Til disposisjon			1			
					6,5	-6,5		0

Tabell 4

Som omtalt i punkt 3.1 er det fire tilbod, og to «gruppe nr 2», med søking under minimumstala fastsette av fylkestinget. Fylkesdirektøren si tilråding er at vg2 medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule vert sett i gang fordi det ikkje er kapasitet til alle i ei gruppe, og at dei andre ikkje vert sette i gang.

Opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019 vart lyst ut med 220 grupper. I fylkesdirektøren si tilråding til justering av opplæringstilbodet er 219 grupper fordelte på skulane. I tillegg ber fylkesdirektøren om ressursar tilsvarande ei gruppe for å opprette ei ekstra gruppe, eller til å finne løysingar for auka plassal, i samband med inntaket

7.Framlegg til tilbod ved kvar skule:

a) Dale vidaregåande skule

Nivå	Kurskode	Kursnamn	Grupper	Plassar
1	HSFSF1	Helse og oppvekst	2	30
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	1	15

3	PBPBY3----	Påbygg. gen. studiekompetanse	1	30
1	STUSP1	Studiespesialisering	1	30
2	STREA2----	Realfag	0	14
2	STSSA2----	Språk, samfunnsfag og økonomi	1	16
3	STREA3----	Realfag	0	14
3	STSSA3----	Språk, samfunnsfag og økonomi	1	16
1	TPTIP1	Teknikk og industriell produksjon	2	24
			9	189

b) Eid vidaregåande skule

Nivå	Kurskode	Kursnamn	Grupper	Plassar
1	DHDHV1	Design og handverk	2	30
2	DHIUD2----	Interiør og utstillingsdesign	0,5	8
1	ELELE1	Elektrofag	2	30
2	ELAUT2----	Automatisering	1	12
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1	12
2	ELELE2----	Elenergi	1	12
3	ELAUT3----	Automatiseringsfaget	1	12
3	ELDAT3----	Dataelektronikarfaget	1	12
3	PBPBY3----	Påbygg. gen. studiekompetanse	1	27
1	STUSP1	Studiespesialisering	2	60
2	STREA2----	Realfag	0	12
2	STSSA2----	Språk, samfunnsfag og økonomi	1	18
3	STREA3----	Realfag	1	20
3	STSSA3----	Språk, samfunnsfag og økonomi	1	40
1	TPTIP1	Teknikk og industriell produksjon	2	27
2	TPIMS2M---	Industriell møbelprod,LAD	0,5	6
2	TPPIN2----	Industriteknologi	1	12
			19	350

c) Firda vidaregåande skule

Nivå	Kurskode	Kursnamn	Grupper	Plassar
1	IDRET1	Idrettsfag	1	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	2	60
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1	30
1	MDMDD1--4-	Mus/dans/drama, dans	0,5	12
1	MDMDD1--1-	Mus/dans/drama, musikk	1	24
1	MDMDD1--6-	Mus/dans/drama, drama	0,5	12
1	MDMDD1	Musikk, dans og drama		2
2	MDMUS2----	Musikk	1	24
2	MDDRA2----	Drama	0,5	12
2	MDDAN2----	Dans	0,5	12
3	MDDAN3----	Dans	0,5	12
3	MDDRA3----	Drama	0,5	12
3	MDMUS3----	Musikk	1	24
1	STUSP1	Studiespesialisering	1	31

2	STSSA2----	Språk, samfunnsfag og økonomi	1	15
2	STREA2----	Realfag	0	15
3	STREA3----	Realfag	0	14
3	STSSA3----	Språk, samfunnsfag og økonomi	1	16
			13	357

d) Flora vidaregåande skule

Nivå	Kurskode	Kursnamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1	Bygg- og anleggsteknikk	2	24
2	BABYG2----	Byggteknikk	1	12
2	BAKEM2----	Klima-, energi- og miljøtek.	1	12
1	ELELE1	Elektrofag	2	24
2	ELELE2----	Elenergi	2	24
1	HSHSF1	Helse og oppvekst	2	32
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	1	15
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1	15
1	IDRET1	Idrettsfag	1	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1	30
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1	30
3	PBPBY3----	Påbygg. gen. studiekompetanse	1	30
1	SSSSA1	Service og samferdsel	1	15
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerhet	1	15
1	STUSP1	Studiespesialisering	2	60
2	STSSA2----	Språk, samfunnsfag og økonomi	1	30
2	STREA2----	Realfag	1	30
3	STSSA3----	Språk, samfunnsfag og økonomi	1	28
3	STREA3----	Realfag	1	32
1	TPTIP1	Teknikk og industriell produksjon	2	24
2	TPPIN2----	Industrietechnologi	1	12
			27	524

e) Høyanger vidaregåande skule

Nivå	Kurskode	Kursnamn	Grupper	Plassar
2	DHFRI2----	Frisør	1	12
1	ELELE1	Elektrofag	1	12
2	ELELE2----	Elenergi	1	12
1	STUSP1	Studiespesialisering	1	32
2	STREA2----	Realfag	0	10
2	STSSA2----	Språk, samfunnsfag og økonomi	1	20
3	STREA3----	Realfag	0	8
3	STSSA3----	Språk, samfunnsfag og økonomi	1	22
1	TPTIP1	Teknikk og industriell produksjon	1	13
2	TPPIN2----	Industrietechnologi	1	12
			8	153

f) Hafstad vidaregåande skule

Nivå	Kurskode	Kursnamn	Grupper	Plassar
1	KDKDA1	Kunst, design og arkitektur	1	30
2	KDKDA2----	Kunst, design og arkitektur	1	30
3	KDKDA3----	Kunst, design og arkitektur	1	30
1	MEMOK1	Medier og kommunikasjon	1	31
2	MEMOK2----	Medier og kommunikasjon	1	30
3	MEMOK3----	Medier og kommunikasjon	1	30
3	PBPBY3----	Påbygg. gen. studiekompetanse	1	30
1	STUSP1	Studiespesialisering	4	123
2	STREA2----	Realfag	2	55
2	STSSA2----	Språk, samfunnsfag og økonomi	2	65
3	STSSA3----	Språk, samfunnsfag og økonomi	2	64
3	STREA3----	Realfag	2	56
			19	574

g) Måløy vidaregåande skule

Nivå	Kurskode	Kursnamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1	Bygg- og anleggsteknikk	1	12
2	BABYG2----	Byggteknikk	1	12
1	HSHSF1P---	Helse/oppvekst, YSK 4år	0,5	8
1	HSHSF1	Helse og oppvekst	1	16
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1	15
2	HSHEA2P---	Helsearbeidarfag, YSK 4år	0,5	7
1	NANAB1	Naturbruk, marine fag, YSK 4år	0	4
1	NANAB1	Naturbruk	1,5	18
2	NAAKV2P---	Akvakultur, YSK 4år	0	4
2	NAAKV2----	Akvakultur	0,5	6
2	NAFFA2----	Fiske og fangst	0,5	6
3	PBPBY4P1--	Påb.gsk e yrkeskomp,YSK 1.år	1	22
3	PBPBY4P2--	Påb.gsk e yrkeskomp,YSK 2.år	1	20
1	RMRMF1	Restaurant- og matfag	1	13
2	RMKOS2----	Kokk- og servitørfag	1	12
1	STUSP1	Studiespesialisering	1	30
2	STREA2----	Realfag	1	13
2	STSSA2----	Språk, samfunnsfag og økonomi	0	17
3	STREA3----	Realfag	1	13
3	STSSA3----	Språk, samfunnsfag og økonomi	0	17
1	TPTIP1	Teknikk og industriell produksjon	2	27
1	TPTIP1P---	Tekn/ind prod,YSK 4år	0,5	4
2	TPKJT2----	Kjøretøy	1	12
2	TPPIN2P---	Industrieteknologi, YSK 4år	0,5	4
2	TPMAR2----	Maritime fag	2	24
			20,5	336

h) Mo og Øyrane vidaregåande skule

Nivå	Kurskode	Kursnamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1	Bygg- og anleggsteknikk	5	62
2	BABYG2----	Byggteknikk	2	24
2	BAANL2----	Anleggsteknikk	2	24
1	ELELE1	Elektrofag	2	25
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1	12
2	ELELE2----	Elenergi	1	12
1	HSHSF1	Helse og oppvekst	4	61
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1	15
2	HSAMB2----	Ambulansefag	0,5	6
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	2	24
2	HSSES2----	Helseservicefag	0,5	6
1	NANAB1	Naturbruk	2	24
1	NANAB1--3-	Naturbruk, hest	1	12
2	NAHHO2----	Heste- og hovslagarfag	1	12
2	NALGA2----	Landbruk og gartnarnæring	1	12
3	NANAB3----	Studieførebuande naturbruk	1	14
3	NALBR3----	Landbruk	1	12
3	PBPBY4P1--	Påb.gsk e yrkeskomp, YSK 1.år	0	8
1	RMRMF1	Restaurant- og matfag	1	17
2	RMKOS2----	Kokk- og servitørfag	1	13
1	SSSSA1P---	Service/samf, YSK 4år	1	15
2	SSSSS2P---	Sal/service/sikkerheit, YSK 4år	1	14
2	SSTRL2----	Transport og logistikk	1	12
1	TPTIP1	Teknikk og industriell produksjon	2	25
2	TPKJT2----	Kjøretøy	1	9
2	TPBLK2----	Bilskade, lakk og karosseri	0,5	6
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1	12
			37,5	488

i) Sogndal vidaregåande skule

Nivå	Kurskode	Kursnamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1	Bygg- og anleggsteknikk	4	49
2	BAANL2----	Anleggsteknikk	1	12
2	BAKEM2----	Klima-, energi- og miljøtek.	1	12
2	BABYG2----	Byggteknikk	2	24
1	ELELE1	Elektrofag	2	28
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1	12
2	ELELE2----	Elenergi	1	12
3	ELDAT3----	Dataelektronikarfaget	1	12
1	HSHSF1	Helse og oppvekst	2	30
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1	15
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	2	30
1	IDRET1	Idrettsfag	1	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1	30
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1	30
1	MEMOK1	Medier og kommunikasjon	1	32

2	MEMOK2----	Medier og kommunikasjon	1	30
1	RMRMF1	Restaurant- og matfag	1	12
1	SSSSA1	Service og samferdsel	2	33
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerhet	1	15
2	SSTRL2----	Transport og logistikk	1	15
1	STUSP1	Studiespesialisering	3	90
2	STREA2----	Realfag	1	34
2	STSSA2----	Språk, samfunnsfag og økonomi	2	56
3	STSSA3----	Språk, samfunnsfag og økonomi	2	61
3	STREA3----	Realfag	1	29
1	TPTIP1	Teknikk og industriell produksjon	2	24
2	TPKJT2----	Kjøretøy	1	12
			40	769

j) Stryn vidaregåande skule

Nivå	Kurskode	Kursnamn	Grupper	Plassar
1	BABAT1	Bygg- og anleggsteknikk	2	24
2	BABYG2----	Byggteknikk	1	12
1	HSHSF1	Helse og oppvekst	2	32
2	HSHEA2----	Helsearbeidarfag	1	16
1	SSSSA1	Service og samferdsel	2	30
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerhet	0,5	7
2	SSTRL2----	Transport og logistikk	1	15
2	SSRLV2----	Reiseliv	0,5	6
1	STUSP1	Studiespesialisering	1	30
2	STREA2----	Realfag	2	22
2	STSSA2L-SS	Språk/samf/øk., skiskyting, LAL	0	3
2	STSSA2----	Språk, samfunnsfag og økonomi	0	32
3	STSSA3----	Språk, samfunnsfag og økonomi	1	40
3	STREA3----	Realfag	1	20
			15	289

k) Årdal vidaregåande skule

Nivå	Kurskode	Kursnamn	Grupper	Plassar
1	ELELE1	Elektrofag	1	12
2	ELAUT2----	Automatisering	1	12
3	ELAUT3----	Automatiseringsfaget	1	12
3	PBPBY4YK--	Påb.gsk e yrkeskompetanse	0	20
3	PBPBY3----	Påbygg. gen. studiekompetanse	1	10
1	SSSSA1	Service og samferdsel	1	15
2	SSSSS2----	Sal, service og sikkerhet	1	15
1	STUSP1	Studiespesialisering	1	30
2	STSSA2----	Språk, samfunnsfag og økonomi	1	19
2	STREA2----	Realfag	0	12
3	STREA3----	Realfag	0	7
3	STSSA3----	Språk, samfunnsfag og økonomi	1	23

1	TPTIP1	Teknikk og industriell produksjon	1	12
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1	12
			11	211